



KULTURDEPARTEMENTET

Postboks 8030 DEP

0030 OSLO

## Høyringsvar - NOU 2019:9 Fra kalveskinn til datasjø - Ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiver

Vi viser til brev frå Kulturdepartementet av 1. juli 2019, der NOU 2019:9 *Fra kalveskinn til datasjø – Ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiver* vart sendt på høyring.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er eit statleg direktorat og tilsyn med to underliggande fagtilsyn, Lotteritilsynet og Stiftelsestilsynet. Vi er 76 tilsette, og journalfører årleg i overkant av 30 000 dokument.

*Lotteritilsynet* fører tilsyn og kontroll med dei statlege pengespela, den private lotterimarknaden og Grasrotandelen og forvaltar ordninga med tilskot frå speleoverskotet til Norsk Tipping. Vi forvaltar dessutan ordningane med kompensasjon av meirverdiavgift for frivillige lag og organisasjonar og ved bygging av idrettsanlegg. Tilsynet har ansvaret for å drifte den nye nasjonale eininga for arbeid mot manipulering av idrettskonkurransar («kampfiksing»), samt å ha tilsyn og kontroll med kvitvaskingsregelverket for speltilydarar.

*Stiftelsestilsynet* fører tilsyn og kontroll med at forvaltninga av norske stiftelsar skjer i samsvar med vedtektene til stiftelsen og stiftelseslova, samt behandlar søknader frå stiftelsar og andre med heimel i stiftelseslova. Vi behandlar dessutan søknader etter arvelova, dekningslova kapittel 3 og samvirkelova.

Ansvarsområda vi har beskrive over er bakteppe for innspela våre i dette høyringsvaret. Merknadane nedanfor er kronologiske etter lovforslaget. Det viktigaste innspelet vårt gjeld lovforslaget § 2 første ledd bokstav c om ein del av verkeområdet.

### 1. Generelt

Vi er positive til intensjonen om ei oppdatert dokumentasjonslov som tek omsyn til personvernforordninga og som «skal kunne leses av menneske utan inngående forkunnskaper» (s. 35). Forslaget til å endre namnet til Arkivverket til Nasjonalarkivet er godt.

Lovutvalet har teke nokre val, til dømes å fjerne journalføring som lovkrav. Utvalet vurderer at praksisen med journalføring ikkje lenger gir den tilsikta oversikta over mykje av dokumentasjonen i forvaltninga. Fleire saksområde passar ikkje inn i journaltankegangen og eit alternativ til å tvinge gjennom det, er «å endre måten dokumentasjon hentes fram på for å legge til rette for innsyn» (s. 178). Journalføring er kanskje utdatert som verktøy for å gi innsyn i all offentleg forvaltning, men den gir innsyn i noko, og vi bør ikkje kutte den før vi har eit betre verktøy på plass.

---

#### Postadresse

Lotteri- og stiftelsestilsynet  
Postboks 800  
6805 Førde

#### Kontoradresse

Storehagen 1 B  
6800 Førde

#### Telefon

57 82 80 00

#### Nettside

lottstift.no

#### Organisasjonsnummer

982 391 490

#### E-post

postmottak@lottstift.no



## 2. Lovforslaget § 1 andre ledd bokstav e - formålsparagrafen

Her vil vi heilt kort gjere merksam på at andre ledd startar med at «Loven skal særleg legge til rette for å» og at bokstav e held fram med «legge til rette for vitenskapelig forskning og annen granskning». Her bør forslaget omformulerast for å gjere det tydelegare.

## 3. Lovforslaget § 2 første ledd bokstav c – verkeområde

Utvalet har kome med forslag om ei utviding av verkeområdet for arkivlova i ny føresegn § 2 første ledd bokstav c. Arkivlova skal etter utvidinga også gjelde for:

*selvstendige virksomheter hvor det offentlige direkte eller indirekte har en samlet eierandel på mer enn 50 prosent, eller hvor det offentlige direkte eller indirekte har rett til å velge flere enn halvparten av medlemmene i det øverste organet i virksomheten*

Slik vi forstår lovforslaget vil stiftelsar falle under arkivlovas verkeområde dersom det offentlege direkte eller indirekte har rett til å velje fleire enn halvparten av styremedlemmane. Som Stiftelsestilsyn er vi svært skeptisk til dei konsekvensane denne utvidinga vil få for ei rekke små og store stiftelsar som då vil falle under verkeområdet.

Det er viktig å sjå kvar regulering av verkeområde for ei lov i lys av dei omsyna den aktuelle lova er sett til å regulere og ta vare på. I den grad forslaget til utvidinga av arkivlova vil omfatte stiftelsar, vil dette ikkje kunne grunngjevast med dei ordinære omsyna bak arkivlova. Ei slik utviding må derfor grunngjevast med andre omsyn enn dei som går fram av lovutvalet si utgreiing i NOU 2019: 9.

Grunngivinga for dette ligg i det som kjenneteiknar ein stiftelse. Stiftelsar er formålsstyrt, og det er såleis ingen utanfor stiftelsen som kan ha kontroll med den, heller ikkje det offentlege. Idet stiftelsar ikkje har eksterne eigarar, kan det aldri vere snakk om å ha ein eigardel i ein stiftelse. Det er vanleg å seie at formålet eig stiftelsen.

Styret er alltid det øvste organet i ein stiftelse. Ut frå det som er sagt ovanfor vil vi vidare minne om at eit styreverv i ein stiftelse er eit reint personleg verv, der lojaliteten til ein styremedlem berre kan liggje til stiftelsen. Styremedlemmar har såleis ikkje lovleg høve til å «representere» det offentlege inn i styrearbeidet.

Om det offentlege direkte eller indirekte har rett til å velje eit fleirtal av styremedlemmane, er ikkje det nødvendigvis nokon indikasjon på at stiftelsen har tilknytning til det offentlege. Historisk, men også i våre dagar, har det vore vanleg at private opprettarar har hatt eit ønske om at det offentlege er valorgan for alle eller nokre styremedlemmar. Det offentlege har ofte sagt seg villig til å vere dette, utan at verken stiftelsens formål eller kapital har noko med den offentlege verksemda å gjere.

Dei særreigne tilhøva som gjeld for stiftelsar vil sjølvsagt ha same relevans i høve til verkeområdet for offentleglova, jf. offentleglova § 2 første ledd bokstav d. Eit unntak for stiftelsar også i den lova, må drøftast og vurderast i samband med revisjonsarbeidet av offentleglova.

Som utvalet sjølv seier: «Det å være underlagt plikt til å dokumentere vil kunne ha ganske andre konsekvenser for en virksomhet enn å ha plikt til å gi innsyn i dokumentasjonen» (s. 267). Det vil vere



krevjande for stiftelsar å bli omfatta av arkivlova og å måtte innordne seg etter den. Stiftelsesforma er først og fremst ei organisasjonsform. Stiftelsar er private rettssubjekt, kan vere næringsdrivande og mange av dei er viktige innanfor frivillig verksemd i Noreg. Å underlegge stiftelsar verkeområdet for arkivlova vil vere i strid med overordna politiske føringar i forenklingarbeidet for næringslivet og i Frivilligmeldinga, der forenkling for dei frivillige aktørane står sentralt.

Ut frå ovannemnde vil Lotteri- og stiftelsestilsynet foreslå at lovforslaget § 2 første ledd bokstav c får ein unntaksregel for stiftelsar.

#### **4. Lovforslaget § 6 – dokumentasjonsstrategi**

Det er bra at innhald og rammer for dokumentasjonsstrategi blir så omfattande skildra. Ein slik strategi kan løfte dokumentasjonsomsyn opp i verksemda og sette dei i samanheng med andre delar av verksemda. Det styrkar tverrfagleg samarbeid og det blir tydelegare kva rolle dokumentasjonsforvaltninga bør ha.

#### **5. Lovforslaget § 8 første og andre ledd – plikt til å dokumentere kommunikasjon**

Å dokumentere all ekstern kommunikasjon og «virksomhetsrelatert kommunikasjon til og fra personer i ledende stilling» vil vere omfattande. Verktøy for å automatisere blir viktig. Der er ein del problemstillingar det må bli gitt gode svar på, til dømes korleis ein skal sørge for kvalitet i materialet og korleis ein skal vurdere det for bevaring.

#### **6. Lovforslaget § 9 – å dokumentere informasjonssystem**

Konkrete krav til kva som skal bevarast er bra. Tredje ledd andre setning bør vere så tydeleg at spørsmål om opphavsrett ikkje gjer det mindre attraktivt for samarbeid mellom det offentlege og private leverandørar av systemtenester.

#### **7. Lovforslaget § 16 andre ledd – krav til dokumentasjon**

Å spesifisere verkemidla som er viktige for å oppnå dei arkivfaglege verdiane er ein god tanke med lovtekstforslaget. Bokstav d skil seg ut ved at den ser meir ufullstendig ut. Det er ikkje slått fast «at...», men «blant annet at...». Merknadene viser at bokstaven skal sørge for vidareføring av ein eksisterande lovtekst. Det bør likevel vere mogleg å formulere den meir i samsvar med resten av paragrafen.

#### **8. Lovforslaget § 17 første ledd første setning – tilgjengeleggjering**

Merknadene til føresegna seier at den ikkje er meint å gi «konkrete handleplikter, men må leses som en ambisjon». Om det stemmer, bør det komme tydelegare fram i lovforslaget, til dømes ved å nytte ordet «bør» i staden for «skal». Om vi ser vekk frå forslaget om å fjerne journalføringsplikta og tek utgangspunkt i notidssituasjonen for eInnsyn og publisering der, kan bestemminga tolkast som ei lovfesting av fulltekstpublisering av alle dokument ein ikkje har heimel for å skjermje.

#### **9. Lovforslaget § 26 første ledd – overføring av dokumentasjon til langtidsbevaring**

Dokumentasjon skal overførast når den går ut av bruk, uavhengig av alderen på dokumentasjonen. Innsynskrav er grunnlag for ei eller anna form for bruk. Det bør klargjerast om det er bruken til verksemda eller i samfunnet som er avgjerande for overføring.



Vår dato  
28.11.2019

Vår referanse  
19/04720-2/008

---

### 10. Nynorsk omsetning av lovteksten

Vi ser det som svært positivt at utvalet i samband med dette arbeidet har fått utarbeidd ei nynorsk omsetjing av lovforslaget, ved hjelp frå Språkrådet. Målet med ei slik omsetjing verkar likevel noko uklart. Omsetjingar kan føre til tolkingar som ikkje er i tråd med intensjonen i forslaget frå utvalet. Når utvalet ikkje har gått gjennom omsetjinga, blir verdien av den noko mindre.

Med helsing

Bjørn Morten Øen  
avdelingsdirektør

Solveig Helene Warvik Geithus  
rådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og blir sendt utan signatur.